



Statsforvaltaren i Vestland,  
Njøsavegen 2,  
6863 Leikanger

Dalekvam 26/7-22

### Fråsegn: Høring av ny forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrom fisk i Vestland

Villaksen er raudlista og villaksen i Daleelva har vore total freda i mange år. Produksjonsområdet Nordhordland – Stadt har raudt trafikkllys. Det er ingen rapporteringsplikt for fangst i Dalevågen. Det er sårbart for eit større uttak av freda villaks i Dalevågen spesielt når Daleelva har liten vassføring vert det større beskatning i Dalevågen.

- a) «Fiske etter anadrome laksefisk med stong og handsnøre frå land, is og båt som ligg i ro, frå og med 1. juni til og med 28. februar.»

Kommentarer:

Dette betyr ei negativ liberalisering av fiskereglane? Fisketida fylgjer ikkje fisketida i elva. Blir omtrent som å dorga sidan det kan kastast frå båt. Det vert vanskeleg å handheva dorgeforbodet. Vil krevja eit omfattande oppsyn. Det må vera eit samsvar mellom fisketida for anadrom fisk i Daleelva og Dalevågen.

- b) «Fiske etter saltvassfisk med stong og handsnøre frå land, is og båt i ro, heile året.»

Kommentarer:

På grunn kraftreguleringa og tilførsel av ferskvatn er det svært lite maritime arter som trekker inn i Dalevågen. Endringa vil føra til større uttak av vinterstøingar. Folk flest veit ikkje kva vinterstøingar er. Det vil bli svært vanskelig og handheva fredinga av vinterstøingar med dette forslaget. Det er påvist gyting av aure og laks i Hellestraumen noko som viser stor konsentrasjon av ferskvatn, sjå vedlagt bilde.

- c) «Fiske med stong og handsnøre frå båt i rørsle (dorging) frå og med 1. oktober til og med 28. februar.»

Kommentarer:

Endringa vil føra til større uttak av vinterstøingar som samlar seg i Dalevågen etter gyting. Dette vil trua villaksen ytterlegare. Dei fleste gytefiskane (aure og laks) samlar seg i Dalevågen etter gyting i oktober – november.

Basert på lokal kunnskap er vårt forslag:

- Det må vera samsvar mellom fisketida i Daleelva og Dalevågen når det gjeld anadrom fisk, det vil sei fiske berre tillatt frå land og dorging i tida 1/7 – 15/9. Dette er godt

innarbeid i dag og stort sett respektert av fiskarane i Dalevågen. Forholdsvis godt samarbeid med dei som dorgar i Dalevågen når det gjeld frivillig rapportering.

- Liten eller ingen saltvannsfisk innfor Stanghelle bru. Vi forslår derfor fiske etter saltvannsfisk med stong og handsnøre frå land, is og båt i ro, heile året berre nedom Stanghelle bru i den utvida sonen.
- d) «Fiske etter saltvassfisk med not, snurrevad og trål, når reiskapen vert brukt i yrkesfiske av fiskarar som er oppførte i fiskarmanntalet og frå fartøy som er registrerte i merkeregisteret for norske fiskefartøy. Frå og med 1. januar til og med 14. oktober er slikt fiske ikkje tillate nærare grensa mellom elv og sjø (elvemunning) enn 500 meter. Unntaket for fiske med not, snurrevad og trål gjeld likevel ikkje i munningsfredingssonene utanfor Daleelva i Vaksdal kommune og Vossovassdraget i Voss herad.» Dette er vi einig med.
- e) «Fiske etter saltvassfisk med garn, ruser, line og teiner, når heile fangstdelen til ein kvar tid står minst 5 meter under havoverflata. Nedsenkingspåbodet gjeld heile året og for alle maskestorleikar. Unntaket for garnfiske gjeld ikkje i munningsfredingssona utanfor Daleelva i Vaksdal kommune.» Dette er vi einig med.

Med helsing  
for Fagrådet

  
Jon Dale  
leiar

  
Inge Sandven  
sekr.

Kopi:  
Vaksdal kommune  
Norske Lakseelver  
NJFF Hordaland

